

GODE KVINNHERINGAR

BRUK RØYSTA DI !

Uskedalen, Herøysundet, Husnes, Sunde, Valen og Sandvoll er den mest folkerike delen av Kvinnherad. Det er svært viktig med høg valdeltaking frå dette området. **No må alle røysta og få folk frå dette området inn i kommunestyret, til beste for heile Kvinnherad.**

Få familie, venner og naboar med til vallokalet !

Ved å røysta kan vi vera med å påverka politikken frametter. Dette valet må vi gjera til nytte for heile kommunen. Lat ikkje høve gå ifrå deg !

- Du går til valurna med den lista du ønskjer ! Vel liste med omhu !
- Set kryss (kumulering) ved gode kandidatar på lista du nyttar !
- Før opp åtte namn (personrøyster) frå andre lister ! Nedanfor finn du ei liste med gode kandidatar.
- Det kan vera lurt å gjera lista klar før du går til vallokalet.

ALLE MÅ RØYSTA OG FÅ INN GODE NAMN FRÅ DENNE DELEN AV KVINNHERAD.

Her er forslag på gode kandidatar frå vårt område. Du står sjølvstøtt fritt til å nytta andre gode kandidatar.

Aksel Kloster jr., Ap
Anna G. Prestnes, Sp
Are Blokhus, V
Arve Opsanger, Ap
Asle Reime, Ap
Bjarne Lilleås, V
Elin Legland, Sp

Hilde Enstad, Ap
Kjell Yri, V
Knut Prestnes, Sp
Lars Magnar Bjelland, Ap
Magne Huglen, Ap
Resy Aak Toresen, V

Steinar Prestnes, Sp
Svein Alf Einan, Ap
Svein Røyrvik, Ap
Synnøve Handeland, V
Synnøve Solbakken, Ap
Veronica T. Thorsen, V

[Dette er oppropet som mange no har fått](#)

Også ved dette valet er det aksjonar i kommunen, og ein aksjon skal sikra gode representantar frå Uskedalen til og med Sandvoll. Det er no sendt uteit opprop, som folk har fått i postkassane og som inneheld 19 kandidatnamn.

Blant dei er uskedalingane Kjell Yri, Bjarne Lilleaas, Magne Huglen og Elin Legland, men HusnesNett og uskedalen.no har ikkje grunn til å tru at nokon av dei som er nemnde i oppropet, er med på aksjonen.

Dei som står bak argumenterar med at området frå vår bygd og til og med Sandvoll er den mest folkerike delen av kommunen og at det er viktig at det er viktig med høg deltaking herifrå for å få inn folk i kommunestyret.

I oppropet vert det gjeve råd om korleis ein skal røysta, men det er inga tilråding om kva for ei liste ein bør satsa på. Det er deltakinga som er hovudbodskapen. Blant kandidatane som ellers er rekna opp er Synnøve Solbakken, Arve Opsanger, Lars Magnar Bjelland, Knut Prestnes og Synnøve Handeland.

Det er plukka ut namn som er gode representantar for heile kommunen men særleg for området frå Uskedalen og utover, blir det understreka.

Ein av dei som står bak seier at dette er eit tverrpolitisk forsøk på å demma opp for ein sterk antisentrumshaldning i delar av kommunen. Det er eit mottrekk mot det dei meiner går føre seg i dei indre delane av Kvinnherad no like før valet.

Aksjonistane meiner at ein treng eit sterkt regionsenter på Husnes dersom dette skal bli ein god kommune å bu og leva i fordi det sikrar attraktive arbeidsplassar. Det får ein ikkje til med alle sentrumsfunksjonar i alle bygder, slik nokre parti tek til orde for, blir det slege fast.

Av Ola Matti Mathisen